

Retningslinjer for tilskot til skogsvegar 2018

Fastsett med visning til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Krav til veganlegget:

- Veganlegg med totalramme på byggjearbeid over 200 000 kr, skal konkurranseutsettast.
- Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal det føreligge ein byggjeplan godkjent av kommunen. Denne skal leggast ved søknad om tilskot.

Vilkår:

- Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging. Det skal vere planlagt snu- og velteplassar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltaka, jf. § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet med tiltaka.

Prioriteringsgrunnlag for tilskot:

- Ved prioritering av søknader vert det vurdert om vegen er planlagt i tråd med hovudplan eller foreløpig hovudplan. Skogsbilvegar blir prioriterte framfor traktorvegar.
- Løysing av flaskehalsar, snuplassar og tiltak for å få tømmerbil av offentlig veg prioriterast.
- Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløysingar.
- Det vert vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet, nært føreståande, framfør på lang sikt.
- Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vegar som elles vert vurdert likt.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-903 skal sendast kommunen for kontroll og prioritering.
- Standard på tilstøytande offentleg veg skal avklarast. Det vert ikkje løyvd tilskot til vegar som er knytt til vegar med så låg bereemne at tilskotsvegen ikkje kan nyttast til føremålet.
- Fylkesmannen handsamar søknadane. Søknadsfrist for første tildelingsrunde er 15. mars. Søknadsfrist for andre tildelingsrunde er 15. august. Etter dette vert det eventuelt fortløpande vurdering av innkomne søknader, dersom det er att midlar.
- Skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling av tilskot.
- Kommunen har ansvar for kontroll av at byggjearbeidet er gjennomført i tråd med føresetnadane, godkjenning av byggjearbeidet og sluttrekneskap.
- Kommunen skal følge opp vilkår som er sett, og i samarbeid med fylkesmannen setje i verk naudsynte tiltak.

Tilskotssatsar:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60 % tilskot.
- Lassbærarveg/Traktorveg kl 7: 20-40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.
- Støtte til dekking av kostnader ved innleie av hjelp til vegplanlegging/byggeleiing– lik sats som tilskot til vegbygging
- Ved ei samstemt skogforvaltning kan det unntaksvis løyvast særskild ulempestilskot i samband med klimatilpassing/sikring etter drift. Skal avklarast med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Retningslinjer for tilskot til taubanedrift, o.a. i 2018

Fastsett med visning til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.*

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/ slepebanedrift.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng for å minske behovet for graving i hogstfelt
- Drift med lang driftsveglengde der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje skogsbilveg. (Krav om godkjenning av skogbruksjef)
- Drift av glissen skog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna. (Krav om godkjenning av skogbrukssjef)

Vilkår:

- Taubanedrift skal berre prioriterast der gravedrift ikkje kan gjennomførast.
- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen.
- Fylkesmannen skal førehandsgodkjenne alle taubane-/ slepebanedrifter. (Minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot i botn av dette dokumentet)
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk.
 - Vilkår om forynging ved løyving av tilskot
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-916 skal nyttast.
- Prioriteringsfrist for taubanetilskot er 1. juni. Fortløpande behandling før frist.
- Kommunen kontrollerer, vurderer støttenivå og attesterer.
- Fylkesmannen løyver og føretekk utbetaling
- Fylkesmannen kan kontrollere at vilkåra er oppfylte □ Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.
- Ved avslutta drift kan 85 % av omsøkt beløp utbetales med bakgrunn i produksjonsfil frå hogstmaskin. Utskrift av prd.fil leggest ved søknad.

Tilskotssatsar:

- Taubanedrift furu og lauv: 160 kr/m³
- Taubanedrift gran: 90 kr/m³, maks 6000 kr/daa.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 400 kr/time.
- Driftsveglengde over 1,3 km: 20 kr/m³, over 2 km: 40 kr/m³.
- Drift av glissen skog (<8 m³/daa) på høg bonitet (17 og høgare): 50 kr/m³

Maksimalt to av tilskotsordningane kan kombinerast.

Det vert ikkje løyvd tilskot til taubanedrift der bestandsalder er lågare enn:

Bonitet	Lågaste hogstalder
G23	60
G20	65
G17	70
G14	75

Alderskrav kan fråvikast av helsemesige eller andre årsakar, ved vurdering og godkjenning frå skogbrukssjef.